

Meland kommune

Att:

Postboks 79

5906 FREKHAUG

Meland kommune - Høyringsutkast kommunedelplan for Sambandet Vest - Planprogram og silingsrapport - uttale

Vi viser til brev av 17.06.2019 frå Meland kommune som gjeld høyring av planprogram og silingsrapport for sambandet vest.

Fiskeridirektoratet region vest ber om at marint miljø takast inn blant tema som skal konsekvensutreiaast.

Om kommunedelplanen

Sambandet Vest er eit interkommunalt prosjekt mellom kommunane Øygarden, Askøy, Meland, Radøy og Lindås. Norconsult AS har fått i oppdrag av Sambandet Vest å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for kommunedelplan, for ny veg med brusamband mellom kommunane (frå vest) Askøy, Meland og Radøy. Hovudføremålet med kommunedelplanen skal vere å binde saman Askøy og Nordhordland for å legge til rette for næringsutvikling og busetnad, samt å styrke transportberedskapen på det regionale hovudvegnettet.

Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet. Planansvarleg, i dette tilfelle kommunen, har plikt etter Plan- og bygningslova å legge til rette for medverknad, mens Fiskeridirektoratet sine regionkontor har plikt til å delta. Dersom vi finn at planen ikkje tek tilstrekkeleg vare på sektorinteressene Fiskeridirektoratet forvaltar, kan vi fremme motsegn til planen.

Fiskeridirektoratet sin vurdering av silingsrapport og planprogram

Utgangspunkt for silingsprosessen er dei 3 hovudalternativa for samband A, B og C med tilhøyrande alternative løysingar som skal vurderast vidare i kommunedelplan med konsekvensutgreiingar. Silingsrapporten konkluderer med å tilrå vidare vurdering av alternativa Aa3, Aa4, Ca1 og Ca2.

Jf. plan- og bygningslova §§ 4-1 og 4-2, og forskrift om konsekvensutgreiingar tilast det krav til konsekvensutgreiing (KU) av kommunedelplanen. I planprogrammet er det satt opp program for utgreiingar og kva tema som skal utgreiast. Alternativet som kjem best ut vert tilrådd som grunnlag for vidare planlegging av Sambandet vest. Om det er fleire alternativ som vurderast likt, og det ikkje er avgjerdssrelevante skilnader mellom alternativa, skal dette kome fram. Endeleg avgjerd om val av alternativ trase skal skje ved vedtak av kommunedelplanen.

Fiskeridirektoratet region vest peiker på at der vegprosjektet kjem i berøring med sjøområde som ved bru-kryssing, masseutfylling, deponering av overskotsmassar o.a., skal konsekvensar for marine naturverdiar utreiaast. Dette er viktig av omsyn til å ta vare på det marine biologiske mangfaldet, og av omsyn til næringsinteresser som fiske og havbruk, som begge er avhengig av eit godt marint miljø. Vår vurdering er at marint miljø må takast inn blant tema i kapittel for utreiling av naturressursar i KU.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

Mottakarliste:

Meland kommune Postboks 79 5906 FREKHAUG

Kopi til:

Fiskarlaget Vest Slottsgaten 3 5003 BERGEN
Fylkesmannen i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER



